

Aftenposten 15.juni 1995 (kronikk)

Oddbjørn Leirvik:

## **HAR NORGE EIN RELIGIONSPOLITIKK?**

Norge har blitt eit samfunn med aukande religiøs og livssynsmessig pluralisme. Likevel har ikkje styresmaktene nokon samlande instans som kan formulere ein samanhengande religionspolitikk i kongeriket.

Inntil for tjue år sidan var Norge eit relativt oversiktleg samfunn livssynsmessig sett. Det meste av religionsdebatten skjedde innanfor statskyrkja sitt vide rom, eller mellom kyrkja og den framveksande human-etikken. I dag blir livssynsdebatten i stigande grad prega av eit aukande religiøst mangfald. New Age-inspirert åndelegdom er i ferd med å omforme den norske folkereligiøsiteten. Nye, uavhengige fellesskap peikar mot amerikanske tilstandar i det kristne landskapet. Men framfor alt har innvandrarreligionane for alvor meldt sitt nærvær i Norge, med islam som den største religiøse minoriteten utanfor kyrkjefellesskapet.

### **Den muslimske minoriteten**

Utrekningar tyder på at det i dag bur omlag 55 000 menneske med muslimsk bakgrunn i Norge. Eit stigande tal av desse er organiserte muslimar. Frå 1980 til 1994 har talet på medlemmar i muslimske organisasjonar stige frå 1 000 til 33 000, fordelt på ikkje mindre enn 51 ulike forsamlingar. Den største veksten har kome i dei siste åra. Migrasjon aukar trongen til å ta vare på og utvikle sin religiøse og kulturelle identitet. Også nordmenn blir meir religiøse, og meir norske, i utlandet.

Dei norske muslimane frambyr eit stort etnisk mangfald. Av dei 25 moskéane i Oslo er halvparten pakistanske, tre er tyrkiske, tre er marokkanske, ein er all-arabisk, ein er kurdisk, ein somalisk, ein vestafrikansk, to er kosovo-albanske og ein er bosnisk. Men når pakistanarane åleine har ti forskjellige moskéar, forstår vi at det også handlar om eit stort religiøst og politisk mangfald. Berre to moskear er shi'a-muslimske, og ein tilhøyre den forfølgde Ahmadiyya-rørsla. I all hovudsak handlar det difor om dei store nyansane innanfor sunni-islam. Nokre av moskeane representerer den breie folkereligiøsiteten og vektlegg den nasjonale identiteten. Andre er individorienterte vekkingrørslar, eller uttrykk for ein profilerande islamisme der dei nasjonale særdraga trer i bakgrunnen til fordel for ein meir internasjonal visjon av islam.

Ein del av dei tonegivande moskeane har slutta seg saman i Islamsk Råd. Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkja har i dag regelmessige samtalar med Islamsk Råd, om spørsmål som religionsundervisninga si framtid i den norske skulen, eller vanskelege spørsmål på den internasjonale scena. Den norske kyrkja har såleis erkjent at islam har blitt ein organisert religiøs minoritet, som ein må prøve å ha ordna samtalar med.

### **Ein fragmentert religionspolitikk**

Dei norske styresmaktene, derimot, har enno ikkje funne ut korleis ein skal samtale med muslimane. Heller ikkje har ein funne nokon samlande struktur for samtalen med dei andre religiøse minoritetane, som buddhistar, hinduar, sikhar, jødar og baha'iar, og Human-Etisk Forbund klagar ofte over uklar politikk i livssynssaker. På det statlege planet er spørsmål som gjeld religionssamfunna idag spreidde på dei ulike fagdepartementa, og ein manglar ein instans som kunne utforme ein samanhengande religionspolitikk. Justisdepartementet og fylkesmennene har ansvaret for medlemsstøtta til trus- og livssynssamfunna. Barne- og Familiedepartementet tar seg av alt som har med barnesaker, samliv og vigselfrett å gjere. Kyrkje-, Utdannings- og Forskningsdepartementet vil prinsipielt ikkje røre andre religionssaker enn dei som vedkjem statskyrkja, men tar likevel religionspolitiske beslutningar i sin skulepolitikk, og administrerer for øvrig budsjettposten for religiøse bygg utanom statskyrkja. Sosialdepartementet driv religionspolitikk i helsesaker. Forsvarsdepartementet prøver på sin måte å ta omsyn til dei religiøse minoritetane, og Kommunal- og Arbeidsdepartementet har det overordna ansvar for innvandringspolitikken. Ved sidan av dette fører Oslo kommune sin eigen, improviserte religionspolitikk frå sak til sak.

### **Religionspolitiske skulesaker**

Resultatet av denne fragmenteringa kan lett bli ein utydeleg religionspolitikk. Gudmund Hernes sitt avslag på søknaden om etablering av ein muslimsk privatskule kan stå som eit uttrykk for dette. I avslaget argumenterer ein med omsynet til integrering av framandspråklege minoritetar, og allmenne skulepolitiske omsyn. Ein svarer med andre ord på ein religiøst grunnlagt søknad med innvandar- og skulepolitiske argument. Dette kan vanskeleg tolkast annleis enn som eit uttrykk for at religionspolitikk ikkje har nokon eigenvekt i styresmaktene sine vurderingar. Resultatet er ei klar religiøs diskriminering, all den stund kristne friskular enno får lov til å etablere seg.

Eit anna døme på den utydelege religionspolitikken er Oslo kommune si handtering av religiøse skulesaker. Då det vart problem med å få muslimane med i livssynsfaget på ein del skular i Oslo sentrum, samstundes som moskeane etablerte si koranundervisning, vedtok dei kommunale styresmaktene å bruke midlar frå skulebudsjettet til å finansiere moskeane si koranundervisning. Slik frikjøpte ein seg frå den pedagogiske utfordringa det ville vere å integrere muslimane i ei ny form for religionsundervisning i skulen. I dag syner Oslo kommune større vilje til å eksperimentere med religionsundervisninga. Ein vurderer å innføre eit islamkunnskapsfag i skulen, samstundes som ein også leitar etter nye modellar for ei samlande religionsundervisning. Men parallelt med dette signaliserer det Arbeidarparti-dominerte byrådet at Oslo kommune vil sjå kritisk på ordninga med tilskot til koranundervisninga, der satsane allereie har blitt sterkt reduserte. Lite langsiktig politikk, og stadig skiftande signal, skaper ei tillitskrise i forholdet til muslimane.

Frå statleg hald kjem det no nye og andre signal når det gjeld koranundervisninga. Eit utval oppnemnt av Hernes har nyleg fremja ein NOU (1995:9) "Identitet og dialog" om framtidens religionsundervisning. Her går ein - tvert imot Oslos kommunes politikk - inn for å bevare dei offentlege tilskota til koranundervisninga, samt å løyse tilskota frå vilkåret om å vere fritatt for religionsundervisninga i skulen. Signalet er positivt for muslimane og ei nødvendig tillitserklæring til deira eiga tradisjonsformidling. Men det spørst om ein har tenkt igjennom kva økonomiske konsekvensar forslaget vil få dersom også alle dei andre minoritetane skulle kome og gjere krav på den same støtta til si trusundervisning.

## **Religionsdialog og minoritetsrettar**

Summen av fleire slike saker synest å vere at den eine handa ikkje veit kva den andre gjer. Den religionspolitikken ein set ut i livet, har også den klare mangelen at politikken blir formulert utan at det skjer ein direkte og forpliktande dialog med dei organiserte religions- og livssynssamfunna. Spørsmålet om minoritetane sine rettार saknar enno ei systematisk gjennomtenking, og minoritetane opplever ofte at dei blir drive politikk for dei, men ikkje med dei.

Heller ikkje i NOU 1995:9 sitt framlegg om eit "utvida kristendomsfag" synest minoritetane sine rettार å vere tilstrekkeleg reflektert. Innstillinga ber preg av samfunnsfleirtalet sitt behov for å finne fram til ei samlande kristen-humanistisk tradisjonsformidling i skulen. Innstillinga har ein dialogvennleg profil, men ber preg av fleirtalspolitikk og uklart formulerte fritaksrettar. Då innstillinga vart lagt fram, viste det seg også at begge dei største og mest profilerte livssynsminoritetane - muslimane og Human-Etisk Forbund - kjende seg haldne utanfor i prosessen. Sjansane for å få til ei form for samlande religionsundervisning i skulen er avhengig av at ein no tar det fleirreligiøse organisasjonssamfunnet på alvor, viser vilje til forhandlingar med minoritetane, og respekt for deira rettार også når meiningane deira måtte gå på tvers av det politiske fleirtalet.

## **Påtrengande spørsmål i mange saker**

Det er på tide at styresmaktene på alle nivå no utformar ein samanhengande og dialogisk religionspolitikk. Det er nødvendig for skulen si skuld. Korleis skal vi ta vare på einskapsskulen som ein sentral fellesarena i det fleirreligiøse samfunnet, samstundes som ein sikrar religionsfridom og foreldrerettar?

Spørsmåla står i kø også i andre saker - i spørsmål om omskjering og folketrygd, religionslover og rettsvesen, islamske familieideal og norsk likestillingspolitikk, vilkår for ekteskapsinngåing og tildeling av vigselfrett, offentlig støtte til minoritetane sine religiøse bygg, samt krav til storleik og demokrati i samband med utbetaling av medlemsstøtte til religionssamfunna. Og ikkje mindre viktig: Korleis kan dei nye minoritetane bli aktive deltakarar i den allmenne, etiske samtalen - om alt frå genteknologi til spørsmålet om kloden si økologiske framtid?

## **Kven tar ansvar?**

Det er på høg tid at styresmaktene no tar det religiøse mangfaldet på alvor, og tenkjer igjennom korleis ein integrerande og samanhengande religionspolitikk kan formulerast. Kanskje trengst det ei større Stortingsmelding om saka? Det kan også vere grunn til å minne om at det første statsfinansierte dialogprosjektet i norsk samheng, "Felleskapsetikk i et flerkulturelt Norge" (Nansenskolen 1992-93) konkluderte med at det bør "opprettas et fast råd for etiske og ordningsmessige drøftinger, der tros- og livssynsmessige er direkte representert". Enno har ingen tatt imot utfordringa. Det er dessverre også uklart kvar ansvaret hos styresmaktene skulle ligge.